



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 20.11.2017
Vår ref.: 2017/10127
Arkivnr.: 461.5

Bokn kommune
Boknatun
5561 Bokn

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høring - søknad om mellombels utslepp av anleggsvatn til sjø ved Arsvågen, Rogfast entreprise E13 - Staten vegvesen Region vest – Utlegging til offentlig ettersyn

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som det bør tas omsyn til ved behandling av søknaden. Vi ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunngjeringa blir lagt ut til offentlig ettersyn i kommunen.

Frist for kommunen sin uttale er 8 veker

Fylkesmannen i Rogaland har den 10.05.2016 motteke søknad frå Norconsult AS på vegne av Statens vegvesen Region vest (SVV) om løyve etter forureiningslova til mellombels utslepp av anleggsvatn frå tunneldriving til sjø ved Arsvågen i Bokn kommune.

Kort orientering om tiltaket:

Søknad om mellombels utslepp:

Type utslepp:	Reinsa anleggsvatn frå tunneldriving og frå anleggs-/riggområder.
Søknaden gjeld:	Etablering av utsleppspunkt sør for Solholmen/eksisterande molo ved Arsvågen Etablering av utsleppspunkt søraust for Lauplandsholmen Utslepp av reinsa anleggsvatn frå entreprise E13
Planlagt avbøtande tiltak:	Reinsing i sedimenteringsbasseng med oljeutskilar. Overvaking av vassmengda og kvalitet, utsleppskrav.
Utsleppspunkt:	Sør for Solholmen/eksisterande molo ved Arsvågen, på 15 m djup. Søraust for Lauplandsholmen på 25 m djup.

Planlagd oppstart av entreprisen er starten av 2018, og forventet varighet er ca. ett år. Tiltaksområdet med utsléppspunkta er regulert til bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone i kommuneplan¹.

Bakgrunn/søknad

E39 Rogfast er eit stort samferdselsprosjekt som skal inngå i ein ferjefri forbindelse langs vestlandskysten for blant anna å binde Nord- og Sør-Noreg saman. Entreprise E13 er ein ca. 2 km lang sidetunnel som skal drivast frå strandsone ved Arsvågen sørvestover til løpet av hovudtunnelen (Boknafjordtunnelen), og skal etablerast for å gjera det lettare å transportera masser til utfyllingsområdet ved Arsvågen. Etablering av sidetunnelen E13 vil medføre behov for handtering av vatn frå drivingen av tunnelen og vatn frå anleggs- /og riggområder.

Det vert søkt om å etablere to utsléppspunkt for anleggsvatn som skal nyttast i E13, og seinare i E04. Samtidig vert det søkt om utslépp av anleggsvatn til sjø frå mellombels tunneldriving av entreprise E13, og vatn frå anleggs- og riggområder.

Gjennomsnittleg utsléppsmengda er berekna til 24 l/s frå tunnel drift (vassmengda på borerigg), innlekkasje frå berg og påboret vann. I drivefasen er parametrane nitrogen, høyt pH, tungmetalla, suspendert stoff og organiske forbindelsar rekna for å vera dei viktigaste når det gjeld forureining.

Alt anleggsvatn skal samlast opp og reinsast i sedimenterings-basseng med oljeutskilar før utslépp til sjø. Vassmengd og -kvalitet skal overvakast og vert kontrollert, og det er utarbeidd eit overvåkingsprogram med foreslegne utsléppskrav. Utsléppspunkta for anleggsvatn er planlagt til -15 m, der det er forventet å gi den beste fortynning og innblanding. Søkjar opplyser om at entreprenøren skal utarbeida eigen beredskapsplan for ytre miljø.

Løyve til utslépp av vatn frå anleggs- og driftsfase ved tunneldriving av Boknafjordtunnelen vil verta søkt om i eigen utsléppssøknad for Rogfast entreprise 04.

Fylkesmannens merknader

Tiltaksområdet tilhøyrar vassforekomsten «Boknafjorden» som er klassifisert som moderat eksponert kyst med «god» økologisk tilstand og «udefinert» kjemisk tilstand².

I følge Temakart Rogaland³ er utsléppspunkta i nærleiken til skjelsand med verdi B, samt kort avstand til tareskog med verdi A. Nord frå utsléppet ved Lauplandsholmen er det fiskeoppdrett, og det er en lassetjingsplass nordvest av tiltaksområdet. Det er registrert eit gyteområde i nærleiken av tiltaksområdet. Området rett sør for moloen er oppgjeven som fiskeplass for hummar på Fiskeridirektoratet sitt kart⁴, og området Vestre Bokn sør er markert til fiske av torsk, sei, lyr, hyse, lange og brosme, i tillegg til eit nærliggjande rekefelt.

Utsléppet det er søkt om gjeld utsléppspunktet sør for den eksisterande moloen ved Arsvågen. Det er dermed usannsynleg at dette utsléppet vil påverke fisk på lassetjingsplassen eller oppdrettsområdet ved Lauplandsholmen. Utsléppet vil vere av størst betydning for fiskeaktivitetane sør for moloen.

I eit eventuelt løyve vil Fylkesmannen blant anna setja krav om internkontroll, støykontroll og beredskapsplan. Det kan blant anna verta aktuelt å setja ytterlegare krav til avbøtande tiltak.

¹ Plan id: 201305

² <http://www.vann-nett.no>

³ <http://www.temakart-rogaland.no>

⁴ <https://kart.fiskeridir.no/>

Søknaden vil bli behandla iht. «forskrift om begrensning av forurensning» (forureiningsforskrifta) kapittel 36 om «behandling av tillatelser etter forurensningsloven».

Offentleg ettersyn

Fylkesmannen sørgjer for kunngjering av søknaden i Haugesunds Avis. Kunngjeringskostnadane skal dekkast av sækjar. Kunngjeringsteksten følger vedlagt.

Utlekking til offentleg ettersyn

Søknaden vil bli lagt ut til offentleg ettersyn i Bokn kommune, Boknatun, 5561 Bokn, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside www.fylkesmannen.no/rogaland under «Miljø og klima» og «Høyringar». Uttaler frå interesserte kan sendast Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

Uttale – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunale uttaler er sett til 8 veker frå kunngjeringsdato.

Vi ber kommunen i same tidsrom å hente inn nødvendige uttalar frå eigne organ så langt ein finn dette hensiktsmessig. Vidare må det gis opplysningar om det planlagde anleggsarbeidet er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsføresegner m.v. for området.

Kommunen sin uttale bør gje opplysningar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkeleg beskriven i søknaden, og som det bør tas omsyn til ved avgjerda.

Dersom det er ynskjeleg med ettersending av andre saksdokument enn dei som ligg ved, ber vi kommunen ta kontakt med Fylkesmannen.

Vi anbefala at kommunen føreteik ein kommunal sluttbehandling i eit organ som kan gi ei heilheitsvurdering i saken. Uttaler og utskrift frå den kommunale saksbehandlinga skal sendast til Fylkesmannen.

Helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernshjef

Kirsten Redmond Kristiansen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Kirsten Redmond Kristiansen
Saksbehandlar telefon: 51568777
E-post: fmrokrk@fylkesmannen.no

Vedlegg:

Søknadsdokumenter
Kopi av brev til andre høringsinstanser
Kunngjeringstekst

Kopi (utan vedlegg) til:

Karen Hetland	Arsvegen 348	5561	BOKN
Statens vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
Sigbjørn Nils O Ørjansen	Arsvegen 342	5561	BOKN